

Innspel budsjett 2026 – frå anonym

Eg skriv dette som ein innbyggjar i Hjørungavåg som rett og slett er forbanna. Forbanna over at de igjen prøver å lappe på eigne økonomiske feil med å ta frå oss noko av det viktigaste vi har – Hjørungavåg skule.

De snakkar om “økonomi” og “innsparingar” som om alt i livet kan målast i kroner og øre. Men de gløymer kva denne skulen faktisk betyr. Hjørungavåg skule er ikkje berre eit bygg – det er hjartet i bygda. Det er her barna våre får ein trygg og nær start på livet, det er her foreldre møtest, det er her vi står skulder ved skulder på dugnad for å halde alt i gang. Foreldre og frivillige har lagt ned utallige timar for å pusse opp, vedlikehalde og skape ein skule vi alle kan vere stolte av. Vi har gjort jobben som kommunen burde ha gjort for lenge sidan – utan løn, utan takk, berre fordi vi bryr oss.

Og kva får vi att?

Eit forslag om nedlegging. Ein kald skulder og eit budsjettark som skal rydde opp i eit ROBEEK-rot som kommunen sjølv har skapt.

De kallar det ansvarleg økonomistyring. Eg kallar det svik.

Når skulen forsvinn, forsvinn framtida til bygda.

De riv vekk limet som held oss saman – fellesskapet mellom generasjonar, dugnadsånd, tryggleiken til dei yngste. De gjer Hjørungavåg fattigare, ikkje rikare.

Det er ikkje berre elevane som blir flytta, men livskrafta i bygda vår.

Vi veit alle korleis dette endar om de får viljen dykkar: færre barnefamiliar, mindre aktivitet, og ein bygdesentrum som sakte døyr ut. De sparer kanskje nokre kroner på papiret – men de øydelegg noko mykje større i røynda.

Det er ikkje bygda som har sett kommunen i ROBEEK.

Men det er bygda som må betale prisen.

De må gjerne late som dette handlar om tal. For oss handlar det om liv.

Eg stiller store spørsmål ved korleis summen på seks millionar er rekna ut. Dette framstår som eit tal trekt opp av hatten – eit forsøk på å finne kanina som aldri fanst. Ved fleire tidlegare høve har vi høyrte dei same lovnadene om store innsparingar ved ei eventuell nedlegging av skulane på Hjørungavåg eller Bigset. Gong etter gong har rapportar og utgreiingar vist seg å vere fulle av feil og manglar – plukka frå kvarandre som fjør frå ei høne.

Forbanna, med ekte engasjement,
Ein som elsker Hjørungavåg – og ikkje har tenkt å gi opp.